



Utfyllande informasjon knytt til klage på konsesjonsvedtak om massedeponi ved Mjåsundet


Lindås kommune sendte den 14.08.2014 inn klage på konsesjonsvedtaket om å tillate BKK å etablere eit permanent massedeponi ved landtaket for 420 kV kraftlinja mellom Mongstad og Kollsnes. Det vart samstundes bede om ekstra tid for å finne fram til meir grunnlagsinformasjon for klaga, då vedtaket kom i ferien. Dette notatet gir ei meir utfyllande skildring av bakgrunnen for klaga.

Kommunedelplan for massehandtering

Lindås kommune har for tida under oppstart ein kommunedelplan for massehandtering i Mongstадområdet. Denne planen vil ta for seg problematikk knytt til plassering av overskotsmassar frå utbygging av mellom anna dei store næringsområda på Mongstad. Det vert for tida arbeidd med eit planprogram som etter planen kjem på høyring i løpet av hausten. Målet med kommunedelplanen er å lokalisere område der både permanent og midlertidig lagring av massar skal føregå. Det er snakk om både jord- og steinmassar og eventuelle blandingsmassar som skal plasserast. Ein vil i planen sjå på mogleigheter til å bruke overskotsmassar inn mot landbruket, lagring av reine massar i midlertidige deponi og til slutt meir permanente deponi der det truleg ikkje vert aktuelt å gjenbruke massar. Lindås kommune meiner at prosjektet til BKK må takast inn i vurderinga til kommunedelplanen og at dei føringane som vert lagt der må gjelde for alle framtidige prosjekt i området. Alternativt må ein sjå på løysingar som gjer at det vert etabla eit midlertidig deponi der massane vert flytt i henhold til kommunedelplanen i etterkant.

Alternativ plassering av overskotsmassar

I høve alternativ plassering av overskotsmassane meiner kommunen at det framleis ikkje er gjort tilstrekkeleg gode utgreiingar på alternativ plassering. Moglege alternativ som kommunen meiner ikkje er tilstrekkeleg utgreidd er som tidlegare nemnt flystripe, men også i framtidig næringsområde like nord for landfallet og også som fyllmasse i kaianlegget som er under bygging på Mongstad i reguleringsplan for Storhamn Mongstad. Næringsområda i Austrheim og Lindås kommune på Kaland vil truleg også vere aktuelle områder der ein har moglegheit for å på sikt å gjere seg nytte av massane.



Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 32 20 00
Telefaks +47 56 32 20 03

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 123456789

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Utsnitt frå kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad til venstre og reguleringsplan for Storhamn Mongstad til høgre. Dei framtidige næringsområda ligg nært opptil landfallet i nordaust, og utfyllinga av det nye kaiområdet på Mongstad vil krevje store mengder med fyllmasse.

Vidare bruk av massane ved plassering i deponi i Mjåsundet

Kommunen vil også peike på at sjølv om desse massane «vert gjort tilgjengeleg» for grunneigar til å nytte seinare, vil det også for han eller eit anna framtidig prosjekt vere ein betydeleg kostnad å flytte desse massane. I utgangspunktet meiner kommunen at utbyggar som skaper eit masseoverskot må ta kostnaden med å plassere desse massane på eit vis som gjer at dei kan nyttast vidare som ein ressurs for samfunnet. Argumentasjonen knytt til at ein kan legge til rette for at grunneigar kan nyttiggjøre seg vidare av massane meiner kommunen i praksis ikkje let seg gjennomføre, då massane no vil ligge såpass utilgjengeleg til at kostnaden for å ta desse ut att av området vil bli enno større enn om ein fjerner dei i samband med at ein tek dei ut som del av etablering av kraftlinja.